

(09.09.2015)

## **Du skal ikkje velja ordførar!**

Når du les aviser no om dagen, får du eit nokså bestemt inntrykk av at komande måndag skal du gå til urnene og velja den neste ordføraren i Kvinnherad. Og det er berre to kandidatar du kan velja mellom, den eine heiter Peder, og den andre heiter Johnny.

Heilt sidan NRK og TV2 for mange år sidan avgjorde at politikk heretter berre skal dreia seg om underhaldning, ved å innføra Gro-Kåre-debattar, der alle andre parti var skvisa ut, har pressa lagt seg på denne linja. Det er mykje meir underhaldning i å presentera valkampen dersom dei kan fokusera på einskildpersonar. Og då må det berre vera to, som vert sette opp mot kvarandre. Reality-TV, kallar me det til dagleg.

Men realiteten er at du ikkje har påverknad i det heile på kven som vert ordførar. Du røystar på eit parti, og avhengig av korleis partia klarar å organisera seg etter valet, vil ein fleirtalskoalisjon avgjera kven som vert ordførar. Kanskje blir det ein av dei to nemnde, kanskje ikkje. Og det treng faktisk ikkje ein gong bli nokon av dei ni ordførarkandidatane, me har døme på at kabalen har enda opp med at andre representantar har fått jobben.

Så på måndag må du berre gløyma alle oss ni ordførarkandidatane og røysta på det partiet som ligg hjartet ditt nærast. Det gir deg truleg det beste samvitet i ettertid.

Godt val!

**Arne Gjerde**  
Førstekandidat  
Miljøpartiet Dei Grøne

PS til Tomas Bruvik: Dersom eg veddar på at den nye ordføraren heiter korkje Johnny eller Peder, veddar du i mot?